

**Fra:** Ida Hundhammer <ida.hundhammer@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 3. oktober 2023 23:49  
**Til:** Tore Johan Erstad  
**Kopi:** Post Osterøy; Therese Lyngbo Iversen  
**Emne:** Re: Orientering og opplysning og behov for avklaringer i sak 22/3049 (byggesak, dispensasjon) og 22/3650 (jordlovssak, omdisponering)

Hei

Takk for tilbakemelding.

Det har aldri vært snakk om å søke om landbruksvei.

Vi har hele tiden presisert at det er snakk om tiltak i henhold til ikke søknadspliktig landbruksvei.

Derfor er det ikke lagt ved noe søknad om landbruksvei.

Intensjonen er å opparbeide en vei som er innenfor de rammene som grunneier kan utføre uten søknad ihht Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier. Derav vei påinntil 150 m, der fylling eller skjæring ikke medfører avvik på mer enn 1 m fra opprinnelig terreng. Vi som grunneier kan vel fritt opparbeide en slik vei?

Revidert situasjonskart viser husvognen/kårboligen forskjøvet slik at hele boligen ligger i arealkategori produktiv skog, området der boligen plasseres vil da ikke krever omdisponering.

Etter som vi forstod på dere måtte vi sende inn en endringssøknad dersom vi ønsket å foreta disse justeringene.

Vi håper dette var oppklarende og at dere kan imøtekomme en positiv behandling.

Vi vil fortsatt beholde muligheten til å klage på vedtaket om omdisponering dersom saken ikke kan løses på denne måten. Vi vil da komme med supplerende opplysninger innen fristen 13. oktober 2023.

Hilsen

Ida Hundhammer

tir. 3. okt. 2023 kl. 10:35 skrev Tore Johan Erstad <[tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no](mailto:tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no)>:

Ida Hundhammer:

Kommunen syner til tilsendt endringssøknad, som vi oppfatar som ei endringssøknad til byggesaka (endra plassering av bygg/husvogn), og vidare ei (ny) søknad om landbruksveg som tilkomstveg til bygget.

Dei tilsendte søknadene skaper behov for fleire avklaringar i høve til både byggesaka og jordlovssaka.

1. Kommunen oppfattar at det er forsøkt innsendt ei søknad om landbruksveg i dykkar siste e-post. Det er landbrukseininga i kommunen som handsamar søknader om landbruksveg, ikkje byggesakseininga.

Vedlagt skjema skal nyttast, dersom dykk held fast ved intensjonen om å søke om tilkomstvegen til nybygget som landbruksveg, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 2-1, 2. ledd. Merk dykk at søknaden må innehalde alle relevante opplysningar og kartvedlegg.

Landbrukseininga gir førebels tilbakemelding om at søknaden om landbruksveg ikkje kan påreknast godkjent. Søknaden er i alle høve mangelfull og kan ikkje handsamast slik den ligg føre.

Etter ei førebels vurdering er vi ikkje samd med dei føresetnader som er lagt inn i landbruksvegkalkulatoren – som er eit verkemiddel for forvaltninga ved vurdering av slike søknader – og det må påreknast at òg denne søknaden vil krevje omdisponering etter jordlova § 9. Kommunen meiner – igjen etter ei førebels vurdering – at vegen ikkje har nokon reell landbruksverdi. Søknad om bygging av landbruksveg skal kun sendast kommunen når ein veg har nytteverdi på 50 % eller meir for landbruksverksemd, jf. definisjonane i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 1-2. Dette står og i rettleiinga til vedlagt søknadsskjema, slik at dykk er merksam på det før dykk signerer. Les rettleiinga nøye før skjema eventuelt vert sendt inn.

2. Inneber tilsendt endringsøknad til byggesaka og den nye søknaden om landbruksveg at klagen på avslaget av omdisponeringssøknaden etter jordlova § 9 vert trekt tilbake av dykk?

Dersom det er dykkar intensjon, vil kommunen sitt avslagsvedtak av 19.09.23 verte ståande som rettskraftig avgjerd og klagehandsaminga avslutta.

Vi ber om ei klar og eintydig tilbakemelding på om klagen vert trekt tilbake. Dette inneber at klagen ikkje vert fremma for politisk handsaming og avslaget vert ståande.

3. Byggesaka kan uansett ikkje handsamast før tilhøve til jordlova er avklart endeleg. Dette gjeld uavhengig av om tilkomstvegen vert omsøkt som landbruksveg eller ikkje. Vidare handsaming av byggesaka vert utsett til tilhøvet til jordlova er avklart. Det vert vist til samordningsplikta til kommunen etter plan- og bygningslova § 21-5.
4. Kommunen minner om frist for supplering av klagen etter jordlova i tidlegare e-postar sett til fredag 13. oktober 2023.

Beste helsing

**Tore Johan Erstad**

Leiar, Teknisk forvaltning og plan



40 28 65 56



[osteroy.kommune.no](http://osteroy.kommune.no)

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;  
All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*

---

**Fra:** Ida Hundhammer <[ida.hundhammer@gmail.com](mailto:ida.hundhammer@gmail.com)>

**Sendt:** fredag 29. september 2023 17:38

**Til:** Post Osterøy <[post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)>; Tore Johan Erstad  
<[tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no](mailto:tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no)>

**Kopi:** Martin Ivar Henden <[Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no](mailto:Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no)>

**Emne:** saknr: 22/3049 – 23/15880

Hei

Viser til deres saknr: 22/3049 – 23/15880

Vedlagt ligger endringssknad, revidert situasjonskart, samt nyttekalkulator for landbruksvei.

Husvognen/kølligen er nå flyttet til arealkategorien produktiv skog. Veien vil fremst utgjøre kombinert landbruksvei og kjervei frem til boligen. Veien vil bli opparbeidet ihht ikke sknadspliktige tiltak i Landbruksveiforskriften.

Vi ber derfor om at byggesknaden kan bli behandlet uten omdisponering.

Mvh

Ida Hundhammer